



Arkivnr: 2014/10532-2  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Kurs i regi av Deloitte - Rutinar og tolking av avtalen

### Bakgrunn for saka

Hordaland fylkeskommune valde Deloitte som revisor med verknad frå 1.7.2012. I kontrakten som er inngått går det fram av vedlegg 1 Kravspesifikasjon punkt 4 dette:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i fylkesadministrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 2 kursdagar per rekneskapsår.»

**I tilbudet frå Deloitte punkt 3.2.8 går det også fram m.a. dette:**

«Deloitte gjennomfører årleg ei rekkje kurs innanfor eit breitt spekter av faglige tema. Desse kursa vil nøkkelpersonar frå fylkeskommunen vederlagsfritt kunne delta på. Slike kurs kan eksempelvis omfatte nyhende innan avgift og rekneskap, aktuelle problemstillingar innan sentrale tenesteområde og/eller tema knytt til dømes til effektivisering, interkommunalt samarbeid, verktøy og metodar.

Deloitte vil også forplikte seg til å setje opp 2 kursdagar per rekneskapsår i tråd med konkurransegrunnlaget. Tema vil avtalast ved det einskilde høve.

Deloitte kan utover dette også halde andre kurs for kontrollutvalet eller kommunen innan ei rekkje tema. Vederlag vil bli avtalt i kvart tilfelle.»

**Sekretariatet fekk 15.1.2014 e-post frå partner Helge-Roald Johnsen i Deloitte med følgjande tekst:**

«Jeg er informert om at vår advokatavdeling skal holde kurs for 25 personer (ansatte og styrerepresentanter i selskaper der HFK er eier) i HFK på torsdag 16 jan. Kurset er satt opp fra kl 11 – 16.

I forhold til avtalen om kursavholdelse vi har med dere må vi diskutere hvordan dette skal avregnes innenfor kalenderåret 2014.»

### Drøfting

Det er hittil ikkje brukt, eller planlagt brukt, noko av kvoten for 2014 på 2 kursdagar pr. år som ligg i avtalen. Det er likevel avtalt at Stein Ove Songstad skal ha innlegg på fylkeskommunal folkevaltopplæring i mai 2014, og at dette reknast som ½ dag av kvoten for 2013.

Slik sekretariatet ser det var sikkert det gjennomførte kurset for «ansatte og styrerepresentanter i selskaper der HFK er eier» eit nyttig kurs. Kontrollutvalet hadde truleg slutta seg til at eit slikt kurs kunne vera ein del av kvoten på 2 dagar pr. år.

Framgangsmåten i dette tilfellet er likevel ikkje i tråd med dei rutinane som ligg i gjeldande avtale. Dette fordi kontrollutvalet ikkje vart involvert på førehand, jf. at «Revisor skal leggje fram forslag om» og «Tema skal avtalast ved det einskilde høve». Sekretariatet vil tross dette tilrå at kontrollutvalet aksepteter at dette kurset vert å rekne som ½ dag av kvoten for 2014. Det aktuelle kurset varte vel ½ dag, men sett i lys av at kvoten på 2 dagar pr. år som hovudregel ikkje har vore nytta fullt ut nokon sinne så lenge Deloitte har vore revisor for Hordaland fylkeskommune, vert det vurdert som rimeleg å rekna berre ½ dag i dette tilfellet.

Vidare meiner vi kontrollutvalet bør diskutere i møtet om det er andre tema som kan vera aktuelle å be Deloitte halde kurs innan, både for kontrollutvalet, øvrige politikarar og fylkesadministrasjonen. På bakgrunn av ein slik diskusjon bør utvalet utfordre Deloitte på å komme med forslag til tema til kurs som kan vera aktuelle og halde. Deloitte bør også på eige initiativ komme med forslag til kurs som dei meiner kan vera nyttig for kontrollutvalet å få gjennomført. Forslaga bør innehalde desse punkta:

- Tittel på kurset
- Målsetjing
- Målgruppe
- Varighet
- Føredragshaldar

### Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet godkjenner at kurs som Deloitte gjennomførte 16.1.2014 for tilsette og styrerepresentantar i selskap der HFK er eigar, vert rekna som ½ dag av «kurs-kvoten» for 2014.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet diskuterer i møtet om det er andre aktuelle tema ein vil at Deloitte skal gjennomføre kurs innan. På bakgrunn av det som kjem fram i møtet kan ein be om at Deloitte til neste møte kjem med forslag til aktuelle tema som det kan haldast kurs innan. Forslaga bør innehalde dei punkta som kjem fram under drøftinga over.

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner at kurs som Deloitte gjennomførte 16.1.2014 for tilsette og styrerepresentantar i selskap der HFK er eigar, vert rekna som ½ dag av «kurs-kvoten» for 2014.
2. Deloitte vert til neste møte i kontrollutvalet beden om å komme med forslag til aktuelle tema det kan haldast kurs innan.
3. Forslaga bør innehalde desse punkta: tittel på kurset, målsetjing, målgruppe, varighet og føredragshaldar

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrågjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*